

Statsminister og regjering

For fem månadar sidan la regjeringa fram ei ny landbruks- og matmelding, Velkommen til bords. Meldinga slår klart fast at norsk matproduksjon på norske ressursar skal auka. Stortinget vedtok meldinga for berre ein månad sidan. I meldinga heiter det at:

Matproduksjonen skal øke i takt med befolkningsveksten for å opprettholde sjølforsyningsgraden om lag på dagens nivå, noe som vil kunne tilsvare en økning i jordbruksproduksjonen på 20 prosent på 20 år. Det skal legges vekt på bruk av norske ressurser, som grovfôr og beite, og at vi fortsatt skal ha landbruk over hele landet.)

Me har fått ein klar marsjordre om å auka matproduksjonen i Norge. Det er me bønder klare til. Men skal me få til auka produksjon, er det avgjerande at me får inntektsmogelegheiter som kan konkurrera på linje med andre yrker.

Under denne regjeringa har folketalet i Norge auka med 7,5 prosent, mens matproduksjonen berre har auka med 1,5 prosent. Differansen er meir import. Det er ikkje berre å knipsa i fingrane, så ligg den norske kvalitetsmaten klar på eit fat. Utviklinga går no i feil retning:

- Fulldyrka areal går ned
- Avlingane stagnerer og produksjonen per innbyggjar går ned
- Unge ser seg om etter andre alternativ til å bli bonde og gjennomsnittsalderen til bonden aukar
- Meir enn kvar tredje bonde har slutta sidan årtusensskifte.

For å snu denne utviklinga er det nødvendig med eit taktskifte.

Landbruksmeldinga er rik på ord – men utroleg svak når det kjem til konkrete

tiltak for korleis me skal nå måla. I heile vinter har regjeringa med landbruksministeren i spissen vore tydelege på at jordbruksoppgjøret skulle konkretisere landbruksmeldinga med offensive mål. Regjeringa har sjølv bygt opp forventningane. Me valte å ta regjeringa på ordet. Tida var komen for å gå frå ord og løfter til handling:

- Handling som skulle få positive, praktiske konsekvensar for den enkelte yrkesutøvar i landbruksnæringa
- Handling som skulle gje unge ei tru på ei framtid i jordbruket

Meldinga er kalt Velkomen til bords. Jens, Sigbjørn, Lars Peder og dei andre i regjeringa inviterte til selskap – og gløynte å sikre mat nok til alle. Stortingets vedtak er ikkje teke på alvor i det tilbodet landbruket fekk. Dei gode måla i meldinga er det ikkje råd å få auga på. Det er oppsiktsvekkande mindre enn ein månad etter Stortingets vedtak.

Regjeringa slo krystallklart fast i i meldinga at:

”gode inntektsmuligheter er det viktigste virkemiddelet for å nå de jordbrukspolitiske målene”

Det er så enkelt at det må lønna seg å produsera mat i Norge. Fram til landbruks- og matmeldinga vart lagt fram, har Regjeringa i jordbruksoppgjøra tilbode næringa inntektsmogelegheiter som har tilsvart den same kronemessige inntektsveksten som andre grupper i samfunnet. Ja, faktisk har inntektsveksten vorte ørlite betre, fordi nye arbeidsforbrukstal viser at me bønder har vore endå meir effektive enn forutsett i jordbruksoppgjøra.

Likevel har ingen produksjonar, verken mjølk, kjøt, egg, grønt eller korn, ei inntekt frå jordbruket i nærleiken av gjennomsnittet for andre grupper i

samfunnet. Ei kronemessig lik inntektsutvikling er langt frå nok til å auka matproduksjonen, når inntektene i utgangspunktet ligg så lågt.

Me vart tilbodne ein inntektsvekst under det nivået andre grupper kan forventa seg. Då måtte me reagere. Regjeringa har seinare sagt at det låg ein forhandlingsgevinst og venta. At me ikkje sjekka kva som var i forhandlingspotten. Eg kan forsikra at me sjekka ut kva som låg der, og at det var alt for lite i potten til å gje det naudsynte inntektsløftet.

Det var en tung beslutning å gå til brot i forhandlingane .Men Norges Bondelag kan ikkje ta ansvar for eit jordbruksoppgjør og ein avtale som ikkje fyl opp dei måla Stortinget har vedteke. Det ville bety at inntektsmogelegheitene til bøndene framleis skal ligga lågare enn andre grupper. Gapet mellom landbruket og andre ville ikkje vorte redusert.

Me har difor sagt klart og tydeleg i frå at landbruksmeldinga må fyljast opp skal me kunne produsere meir mat. Norges Bondelag har et stort apparat som me kan setja i gang. Aksjonsviljen har vore og er stor. Det har vore ein imponerende innsats!

Eg er stolt over å ha så engasjerte medlemmer. De har stått på, vore tydelege i budskapet og synliggjort at det ikkje er nokon sjølvfølgje med norsk mat i butikkane. Me har opplevd stor støtte for aksjonane – både hjå folk flest og samarbeidspartnarar. Det var stort når folk tuta og viser tommel opp då me blokkerte matmjølanlegget på Bjølsen. Det same hendte i Buvika – i Skien og i Vaksdal. Fantasien har vore stor – frå kua framfor døra til ordføraren i Kvinnherad til at Jens har lagt det store rundballegget.

Årets jordbruksoppgjør handlar om å sikre forbrukaren trygg mat også i framtida. Me vert stadig fleire nordmenn. Det handlar om å sikra eit landbruk over heile landet og nærmare 100 000 arbeidsplassar i landbruk og næringsmiddelindustri. Ni av ti nordmenn sier dei vil oppretthalde eit landbruk av same omfang som i dag.

Regjeringa har ikkje lagt til rette for å auke inntektsmogelegheitene i tilbodet til jordbruksavtale. Det betyr ikkje at trongen for å gjere det har vortne mindre.

Me vil arbeida for at landbruksmeldinga skal verta fylgt opp. At inntektsmogelegheitene skal auke. At handlingsrommet i tollvernet vert utnytta. Me vil arbeida mot behandlinga av tilbodet i Stortinget – Stortinget må leggje dei føringane som er nødvendige for å nå måla dei sjølve har vedteke. Til hausten kjem budsjettet for 2013. I 2013 er det eit nytt jordbruksoppgjør – og ikkje minst eit avgjerande Sttingsval.

Regjeringa må setja kraft bak eigne mål om å auke norsk matproduksjon over heile landet. Me vil kjempe for eit taktskifte og ei tydeleg satsing!

Me sa under avslutninga av bodstikkefesten i Oslo i fjor, at dersom det ikkje vart eit løft for norsk matproduksjon ville me samlast i Oslo att, her er me og me kjem att fleire gonger dersom det må til.

Me skal jobbe under slagordet ” kjærleik til norsk mat”.

Me vil auka norsk matproduksjon, men då må det lønna seg å produsera maten!